

## **Høyringsuttale frå Ulvik Fjellstyre i høve søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk – Ulvik herad og Eidfjord kommune – Hordaland**

Ulvik, 09.10.14

1. Ulvik Fjellstyre kan ikkje tilrå Statkraft Energi AS sin konsesjonssøknad av 25.04.14 om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk i Eidfjord.
2. Ulvik Fjellstyre vil ikkje tilrå ytterlegare reduksjon i vassføringa i Norddøla før ein har oppnådd tilfredstillande status for fisken i vassdraget.
3. Ulvik Fjellstyre oppmoar Statkraft energi til å arbeide for ei berekraftig utnytting av naturressursane i det allereie utbygde området på Osafjellet. Dette må skje i nært samarbeid med rettshavar og grunneigarar.
4. Friluftsliv, jakt og fiske må ikkje møta hindringar som ikkje er strengt nødvendige for drifta av anlegget. Eksempel på noko som må betrast er vasstand i regulerte vatn og elver når desse vert nytta av jakt, fiske og friluftinteressene i sesongen. Eventuell helikoptertrafikk må leggjast til tider der dyreliv, jakt, fiske og friluftsliv vert minst mogleg uroa. Dette kan ein finne løysningar på ved å kontakte Ulvik Fjellstyre i forkant.
5. Ulvik fjellstyre er ansvarleg for utleige av beite til næringsdrivande med bruksrett i Ulvik statsallmenning. Ved redusert vasstand i dei nemnte elvar/bekkar vil beitande dyr kunne finne på å trekke over i andre områder grunna mangel på vatn.

For  
Ulvik Fjellstyre

-sign-  
Harald Normann Andersen  
- fjelloppsyn/sekr -

-sign-  
Kjell J. Røkenes  
- leiar -